

Almennlegeutvalet i Time kommune
ved Torbjørn Mosdøl
Sandtangen legesenter
Kirsten Brynes veg 7
4340 Bryne

Bryne, 01.03.12


Helse- og omsorgsdepartementet
ved Anne-Grethe Støm-Erichsen
Universitetsgata 2
Pb 8011 Dep
0030 Oslo

Kopi til:
Time kommune
Ved Rådmannen
PB 38
4349 Bryne

HØYRING - REVIDERT FASTLEGEFORSKRIFT

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt fram forslag til ny fastlegeforskrift. Fastlegane i Time kommune ynskjer med dette brevet å uttrykkje si misnøye med denne forskrifta. Innføringa av fastlegeordninga er ein av dei mest vellukka reformane innanfor norsk helsevesen dei siste tiåra. Offentlege tenestar kan alltid forbeholdt, også fastlegeordninga. Det stiller nok alle fastlegar seg positive til. Når denne ordninga skal forbeholdt så må ein ha dialog med nettopp yrkesaktive fastlegar, ikkje pasientorganisasjonar og spesialistforeningar. Tanken bak den nye forskrifta var nok god. Resultatet, slik som forskrifta er no, er alt anna enn godt. Den vil føre til at fastlegane vert fjerna endå lenger vekk frå pasienten, noko den nye sjukmeldingsreforma som vart innført i fjor allereie har vore med på å gjere. Fastlegane vert tekne vekk frå det me er utdanna til, nemleg å lækje folk. I staden skal me drive med endå meir byråkrati. Talet på tilvisingar til spesialisthelsetenesta vil auke. Kjøene der vert endå lenger, og talet på fristbrot i spesialisthelsetenesta vil auke endå meir. Vert fastlegeforskrifta vedteken utan vesentlege endringar vil ein få store problem med rekruttering av legar til fastlegeheimlar. Allereie no er jo dette eit problem i mange delar av landet. Røynde fastlegar vil heller ikkje kunne rå nyutdanna legar å søkje seg til ei fastlegestilling, viss forskrifta vert vedteken. Viss forslaget til ny fastlegeforskrift vert vedteken vil det kome reaksjonar også frå fastlegane i Time kommune. Me kjem i utgangspunktet til å rette oss etter dei retningslinene som kjem frå sentralt hald, det vil seie Allmennlegeforeninga og Legeforeninga. Dette til informasjon.

Med helsing



Torbjørn Mosdøl,

Hovudtillitsvald fastlege i Time kommune